

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet – 23.05.2017**

**Aud Karin Oen (SV)** sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

«Alternativt forslag:

Fylkesutvalet seier nei til søknaden frå Smartpark Drift AS.

Fylkesutvalet kan ikkje godkjenne ei langsiktig avtale om bruk av bussar som ikkje har best mogleg miljøteknologi.

Fylkesutvalet går i dialog med oppdragsgjevar og prøver få til ei rute med el-buss eventuell anna miljøvenleg hybridløsning.»

**Kine Bratli Dale (A)** sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Ved fornying av materiell vert Smartpark Drift AS oppmoda til å nytte meir miljøvenleg teknologi.»

### **Røysting**

Innstillinga vart vedteken med 13 røyster mot 2 røyster (SV, MDG) for Oen sitt forslag.

Dale sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet tildeler Smartpark Drift AS ruteløyve for strekninga Lønningsvegen - Bergen lufthamn. Løyvet gjeld for 10 år.

Ved fornying av materiell vert Smartpark Drift AS oppmoda til å nytte meir miljøvenleg teknologi.